

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 19.5.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 21/20. Småviltjakta i statsallmenningen 2020 – startdato, tal jaktkort, dagskvote

### **Saksopplysning/vurdering**

I statsallmenningen har det dei to siste åra vore jaktstart for småviltjakta 25. september, slutt på rypejakta til jul, og harejakt fram til utgangen av februar. I ei rekke år før dette hadde ein jaktstart 1. oktober. Grunnen til litt tidlegare jaktstart i 2018 og -19, var erfaringar med mykje nysnø i byrjinga av oktober, som kunne føra til at jegerar som hadde kjøpt jaktkort ikkje kom seg på jakt. Det kan skje i september òg, men truleg er sjansane litt mindre då for at dette skjer. God rypeproduksjon i 2018 var og med på å leggja grunnlaget for tidlegare jaktstart. Rypeproduksjonen i 2019 vart mykje därlegare, slik at ein god del av rypene som vart skotne under jakta i fjar truleg var vaksen fugl. Alle opplysningar om kortsal og jaktutbytte finn dei siste 8-9 åra finn ein i årsmeldinga for 2019. No er me truleg på det stadiet i syklusen der me kan rekna med eit nytt rypeår under middels, eller i beste fall ein liten oppgang frå i fjar, dersom tilhøva under og etter klekking vert gode. Talet på jaktkort som har vorte selde til utanbygds jegerar har vore det same dei to siste åra; 90 kort, fordelt på 1-, 2-, 3-dagarskort, vekekort og sesongkort. I fjar vart 15 av desse korta selde gjennom Steinbergdalshytta etter avtale med innehavaren, resten (75 kort) vart selde gjennom Inatur. Fjellstyrekontoret sel kort til innanbygdsbuande jegerar.

Dei siste åra har fjellstyret gjort vedtaket om jakttid og dagskvote før sommaren, og venta med å gjera vedtak om tal jaktkort som skal leggjast ut for sal til august, etter at ein gjennom observasjonar frå oppsyn m.fl. har fått gjort seg opp ei mening om korleis sommaren har vore m.ot. kjkulingproduksjon. Eg vil førselå at fjellstyret i år tek med talet på jaktkort som skal seljast i vedtaket sitt no, og eventuelt gjer ei ny vurdering av dette i august, dersom det skulle syna seg å vera naudsynt - t.d. ved ekstremt få registrerte kull. Eg meiner både jakttid og dagskvote på rype kan vera som det har vore dei siste to åra.

### **Framlegg til vedtak:**

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2020/2021 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. - 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).

## **SAKSUTGREIING**

Aurland fjellstyre

Møtedato: 19.5.20

Stad: Fjordsenteret

*Sak 21/20, side 2.*

- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar vert slik:
  - 25 dagskort
  - 25 todagarskort
  - 20 tredagarskort
  - 10 vekekort
  - 10 sesongkort

Derom det vert gjort avtale om sal av kort gjennom turistbedrifter, vert talet på kort selde gjennom Inatur redusert tilsvarande.

I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, om naudsynt, gjera ei ny vurdering i august av kor mange jaktkort som skal seljast.

Fjellstyrekontoret, den 12.5.20

Harald Skjerdal